



ØRSTA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Ørsta rådhuset, Kommunestyresalen
Dato: 14.09.2020
Møtet starta Kl. 13.00
Møtet slutta Kl. 15.10

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Sven Castberg	Leiar.
Jetmund Øye	Nestleiar.
Tore Thon	Medlem.
Sylvi Gulla Hovdenakk	Medlem.

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Hilde Aambakk	Medlem.

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Stina Aasen Lødemel	Hilde Aambakk

Frå Vest kontroll//andre møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/rev.sjef . I sakene 37, 39 og 40.

Frå kommuneadministrasjonen og politisk leiing:

Namn	Stilling
------	----------

SAKLISTE

- SAK 33/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 34/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 35/20 MELDINGAR
- SAK 36/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 37/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING
- SAK 38/20 ETTERLEVELSESKONTROLL
- SAK 39/20 TERTIALRAPPORTERING 1. TERTIAL 2020
- SAK 40/20 PROSJEKTPLAN – TILLEGGSLØYVINGAR – INVESTERING

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/20	033	02.07.2020	14.09.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Jetmund Øye.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/20	049	02.07.2020	14.09.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 25.06.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 25.06.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/20	033&17	07.09.2020	14.09.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
2. Kontrollutvalet stiller spørsmål til kommunedirektøren om kommunen sine rutinar for å unngå økonomisk kriminalitet, nettkriminalitet generelt og særskilt retta mot rutinar der kommunen motteke urettmessige faktura.

Vedlegg

1. Frå avisa Kommunal Rapport, 18.06.2020. «Mener for få anmelder økonomisk kriminalitet».
2. Dokument frå Ørsta kommune, av 07.09.2020. «Vedtak – Plan for forvaltningsrevisjon – Kommunen og selskap».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/20	033&58	04.09.2020	14.09.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside -

<https://innsyn.orsta.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&> og på www.vor.no

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:	03.06		
Arbeidsmiljøutvalet:	19.05		
Eldrerådet:	20.05	19.08	
Formannskapet:	03.06	18.08	
Formannskapet som klageutval:			
Formannskapet som klageutval for klientsaker og barnehageopptak:	28.04		
Kommunestyret:	07.05	18.06	02.09
Landbruksutvalet:	11.05		
Levekårsutvalet:	27.05	26.08	
Råd for likestilling av funksjonshemma:	19.05	20.08	
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt:	10.06		
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt:	29.05	24.06	
Samfunnsutvalet:	26.05	23.06	03.07
Samfunnsutvalet som trafikktryggingsnemnd:		23.06	
Ungdomsrådet:	06.05		
Valstyret:			
Vilt- og innlandsfiskenemnda:		15.06	
VØR IKS Styret	09.06	02.07	25.08
VØR IKS Representantskapet	28.04		
VØR IKS Klageutvalet			
Retura Søre Sunnmøre AS			

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/20	216	25.08.2020	14.09.2019	JSa

ETTERLEVELSESKONTROLL

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek etterlevelseskontrollen datert 26.06.2020 til vitande.

Vedlegg

Etterlevelseskontroll av 26.06.2020 utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

Saksopplysningar

- Ny kommunelov stiller i § 24.9 krav til revisjonen om å utføre forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga. Dette lovkravet er nytt.
- Revisjonen skal sjå til at kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak skjer i samsvar med bestemmelsar og vedtak.
- Område som skal velgast ut for kontroll er basert på revisor sitt skjønn og risiko-og vesentleghetsvurdering.
- Det er kontrollert om lønsutgifter, som etter Kostra-retteiar skal rapporterast på Kostrafunksjon 120 - administrasjon, vert registrert og rapportert i samsvar med denne. Kontrollen er avgrensa til å gjelde fast løn registrert på lønsart 1100.
- Kontrollen er utført for rekneskapsåret 2019.
- I rapporten blir det konkludert slik:
 - Administrasjonskostnadane har auka i perioden 2016-2019.
 - Ørsta kommune er omtrent på gjennomsnittet mht netto driftskostnader pr årsverk til administrasjon, samanlikna med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre.
 - Det same er tilfellet når det gjeld netto administrasjonskostnader pr innbyggjar.
 - Når det gjennomsnittleg løn til administrasjon ligg Ørsta svært lavt pr. november 2019, i forhold til dei andre kommunane.
- Sjå forøvrig revisjonen sin rapport.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/20	217	08.09.2020	14.09.2020	KS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING

Samrøystes vedtak

Saka vert utsett til neste møte.

Kommunedirektøren vert innkalla for å gi utfyllande opplysningar.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i heimesjukepleia til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

Vedlegg

1. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tenesteyting i heimesjukepleia, Ørsta kommune*, datert 30.08.2019.
2. Tilbakemelding frå kommunedirektøren, av 24.06.2020.

Saksopplysning

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Ørsta kommune gjorde i sak 17/18 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til heimesjukepleie. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Tenesteyting i heimesjukepleia – Ørsta kommune, datert 30.08.2019. Denne var handsama i kontrollutvalssak 41/19, og vidare i kommunestyret 21.11.2019 i sak 99/19 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting heimesjukepleie, Ørsta kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 30.08.2019).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen bør utarbeide felles skriftelege rutinar/prosedyrar knytt til tildeling av heimebaserte tenester.
 2. Kommunen må jobbe mot ein lik/felles praksis for dei ulike områda/sonene mht. utarbeiding og oppfølging av enkeltvedtak.
 3. Kommunen må sørge for at ein sender ut skriftelege enkeltvedtak i alle sakene ein vel å revurdere (også i dei ein ikkje endrar tenestetilbodet).
 4. Kommunen må sette i verk tiltak for å sørge for lik praksis mht. inn- og utkvittering av tenester.
 5. Kommunen må vurdere tildelingskontoret sitt ansvar og rolle mht. heimebesøk hjå brukar samt utarbeiding og oppfølging av enkeltvedtak.
3. Kommunestyret ber rådmannen sjå til at forvaltning av tildeling av alle tenester vert samla på tildelingskontoret.
4. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 15.04.2020.

Tilbakemelding frå kommunedirektør.

Det er utarbeidd ny rutine for tildeling av heimetenester. (svarar ut pkt 2 og 1)

Det er utarbeidd ny rutine for revurdering av heimetenester (svarar ut pkt 4)

Vi har plan for å overføre forvaltning av vedtaka i TPHR til tildelingskontoret – forseinka pga korona – satsar på å kome i gang etter ferien.

Dei siste to punkta er vanskeleg for meg å svare på åleine.

Punkt 3 er eg ikkje heilt samd i. Praksis er at ein ikkje sender ut nytt vedtak etter revurdering, der det ikkje er gjort endring.

Punkt 4 må Tildelingskontoret svare nærare på

Pkt 2.3 Kommunestyrevedtaket betyr utsending av vedtak ved alle revurderingar av tenester i alle saker, også der gjennomgangen ikkje medfører endring i vedtak/teneste. Dette blir gjort i dag sjølv om vi i mange saker ikkje vurderer dette nødvendig, og ofte uheldig. Mottakarane av breva slit ofte med å forstå innhaldet i forvaltningsmeldingar og medfører mange gonger uro og spørsmål tilbake grunna dette. Sett frå ein rasjonell synsstad blir ei slik rutinemissig utsending av brev også opplevd som unødvendig bruk av tidsressurs og økonomi, som vi ynskjer å sleppe. Unntaksvis vil det likevel vere på sin plass å orientere om revurderingsavgjerda, men vanlegvis ikkje.

Pkt 2.5 Dette er vurdert og Tildelingskontoret er budd på å handsame fleire av tenesteområda innan helse og omsorg, inkl større ansvar for del av kartlegging av vurderingsgrunnlaget. Ein slik endring av oppgåvedeling må følgast opp med at ressursar også fyl med. Noko av dette har vi plan på, men vi er ikkje i mål utan samarbeid om konkrete tiltak. Krev også utarbeiding og semje om oppgåvedeling mellom tildelingskontoret og dei tenesteytande einingane.

Pkt 3 Dette heng nøye saman med punktet ovanfor. Realisering av krev avgjerd om nye ressursar/endring eller flytting av ressursar. Kan det vere eit forslag å ha dette som plan å gjennomføre ved utarbeiding av budsjett for 2021 med oppstart frå 01.01.2021 ?

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik

Ein eventuell etterkontroll vil kunne avdekke om tiltaka som administrasjonen signaliserer har fungert.

Ein kan ikkje ut i frå tilbakemeldinga sjå at kommunen har starta prosessen med rolleavklaring i høve tildelingskontoret.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
39/20	212	04.09.2020	14.09.2020	JSa

TERTIALRAPPORTERING 1. TERTIAL 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tertialrapportering 1. tertial 2020 og finansrapport januar-april til vitende.

Vedlegg

1. Tertialrapport april 2020 – saksframlegg til kommunestyresak 39/20 18. juni 2020.
2. Tertialrapport april 2020
3. Finansrapport frå Bergen Capital Management (BCM)
4. Finansrapport frå Den norske stats kommunalbank

Saksopplysning:

- Viser til tabellen «oversikt løyvingar til drift» (tidlegare 1A) side 2 i vedlegg 2 og vedtaket i kommunestyresak 39/20 i vedlegg 1 side 1.

- Det er nytta ny rekneskapsoppstilling i samsvar med ny kommunelov. 2019 og 2020-tala er difor ikkje direkte samanliknbare. Prognosar og periodiseringar er rekna automatisk basert på konjunkturane i 2019 og fordelingsnøklar. Økonomirapportering for 1. tertial er meir usikker enn for 2. tertial.
- Årsprognosen for 2020 viser at rekneskapen vert balansert ved tilbakeføring av kr 6,5 mill. til disposisjonsfondet, sjå side 1 i vedlegg 1.
- Inntektene ligg kr 3,9 mill. over budsjett, samtidig som driftskostnadane ligg kr 10,1 mill. over budsjetttrammene.
- Netto finansutgifter er kr 17,0 mill. lavare enn budsjettet og overføringane til bundne driftsfond (sjølvkost) er kr 4,3 mill. høgre.
- Kommunedirektøren og økonomileiaren er urolege for utviklinga i kommuneøkonomien. Arbeidet med innsparingar innan tenester og struktur må difor halde fram.
- Også Ørsta har meirkostnadar som følgje av covid-19. Blir delvis dekkja av staten.
- Det kan skje andre uventa hendingar i 2020 som det ikkje er teke høgde for.
- Dei siste åra har utgiftene auka meir enn inntektene. Avviket må salderast ved bruk av disposisjonsfondet. Dette er ikkje berekraftig over tid.
- Det er spesielt helse- og omsorgssektoren og kommunedirektøren sitt kontor som har dei største utfordringane med å halde seg innan for dei økonomiske rammene.
- Viser elers til kommentarar frå ulike stabar og seksjonar, side 6-16 i vedlegg 2.
- Sjukefråværet hittil i 2020 er på 8,27%, som er lavare enn både i 2019 og 2018.
- I si Finansrapportering (vedlegg 3 og 4) påpeikar Bergen Capital Management (BCM) at utviklinga i gjeldsportefølgjen og finansieringsavtalene er prega av:
 - ✓ økonomisk verdskrise som følgje av covid-19
 - ✓ oljeprisfall
 - ✓ rekordlav rente, Norges Bank si styringsrente på 0
 - ✓ svak krone fører til høgre prisar på importerte varer

Etter fall i mars/april er mange marknader i ferd med å normalisere seg.

Ørsta Kommune si totale lånegjeld var pr. 30.04.2020 kr ca. 1 042 tusen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/20	217	08.09.2020	14.09.2020	KS

PROSJEKTPLAN – TILLEGGSØYVINGAR – INVESTERING

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Tilleggsøyving – investering i samsvar med prosjektplanen.
2. Kontrollutvalet vil presisere at prosjektplanen må og innehalde ei vurdering av prosjekterte kostnader og løyvde budsjett opp mot bindande anbod.

Vedlegg

Prosjektplan –Tilleggsøyvingar – investering. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, av 07.09.2020.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 32/20 vedtak om at revisjonen skal utføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på tilleggsøyving investeringsprosjekt.

Prosjektplanen ligg no føre med slik problemstilling:

1. Vert investeringsprosjekt gjennomført utan tilfredsstillande budsjettvedtak?
 - Manglande budsjett
 - Tilleggsøyve (tidspunkt)
 - Budsjett i økonomisystemet

Viser til prosjektplanen som ligg ved denne saka.

Møtet slutt.

Sven Castberg
- leiar -

Jetmund Øye
-nestleiar-

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar til orientering.
Rådmann til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.